






MAXIMILLIAN
BERTIL
MIA
MARKUS

1

# Oppvekstrapport 2022

**Om tilstanden i oppvekstsektoren skule/barnehageåret 2021 - 2022**

# Innhald


Innleiing ... 3

Barnehagar ... 5

Skular ... 7

Tiltakseining for barn og unge ... 10

Barnehagemiljø ... 11

Læringsmiljø ... 14

Læring ... 23

Nasjonale prøver 5.trinn ... 23

Nasjonale prøver ungdomssteget ... 29

Skulebidrag ... 33

Standpunktkarakterar og eksamenskarakterar ... 36

Gjennomføring ... 37

Grunnskulepoeng ... 37

Spesialundervisning ... 38

Særskilt språkopplæring ... 39

# Innleiing

Oppvekstrapport erstattar den tidlegare Skuleeigarrapporten. Skuleeigarrapporten var ein årleg tilstandsrapport som skulle gje lokale aktørar eit innblikk i, og grunnlag for dialog om, korleis det står til med kvaliteten på opplæringa i Sulaskulen, også sett i lys av samfunnsutviklinga elles. Skuleeigarrapporten er obligatorisk for skuleeigar og var tidlegare heimla i Opplæringslova § 13-10 der det mellom anna sto. *« Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskulane.»* Med ny kommunelov er § 13-10 endra, men kravet til ein årleg tilstandsrapport er der fortsatt. Ved å endre Skuleeigarrapporten til ein Oppvekstrapport ønskjer vi å gje lokale aktørar eit innblikk i kvaliteten på alle tenestene i vår sektor.



Frå 2021 er barnevernet pålagt å levere ein eigen rapport til kommunestyret (Barnevernlova § 2-1), difor vil barnevernet berre i korte trekk presenterast i denne rapporten.

Skule- og barnehageåret 2021/22 vart også prega av koronapandemien. Det fyrste året med pandemi hadde vi relativt lite smitte i Sula kommune, men året 21/22 vart prega av mykje smitte og stort sjukefråvær både hos tilsette og born i alle einingane i kultur og oppvekst. Det var i periodar krevjande å oppretthalde eit forsvarleg og godt tilbod, men med stor innsats frå alle tilsette så klarte ein å kome seg igjennom.

Det vart gjort ein formidabel innsats i alle ledd for å få dagane til borna til å bli så bra som mogleg. Det blir gale å seie at ein pandemi er positiv, men ein ser at slik ein har organisert seg på gult nivå på mange måtar har vore positive for læringsmiljøet og læringsutbyttet til elevane. Både i barnehage og skule har barna hatt uteleik og friminutt i faste grupper og ein ser at konfliktnivået har vorte mindre av dette.

Elevrådet ved Sula ungdomsskule meldte om positive erfaringar med raudt nivå, då dei var på skulen annakvar dag. Dei meldte om at læringsutbyttet vart betre når dei hadde intensive dagar på skulen og mellomarbeid heime. Nyttige tilbakemeldingar frå kloke og reflekterte elevar. Elevane ved Sula u meldte også om at dei har fått den opplæringa dei skulle ha, men at avgrensa sosialt tilbod har vore negativt for veldig mange elevar. Dette ser ein også av pågangen til helsesjukepleiar og sosiallærar ved skulen. Den samfunnsøkonomiske kostnaden ved at ungdom ikkje har hatt moglegheit til sosiale arenaer og fritidstilbod kan bli stor i åra som kjem.

Sula kommune ser positiv effekt av at ein har klart å halde normen for helsesjukepleiarane slik at alle skulane har eit fast tilbod. Alle skulehelsesjukepleiarane melder om stor arbeidsmengde og mange henvendingar, både frå elevar og føresette. Det blir viktig i åra som kjem at ein klarer å halde på bemanninga og arbeide målretta for å bygge faste stillingar til desse når styrkingsmidlar frå helsedirektoratet tek slutt.

PPT melder om mange nye meldingar, både frå barnehagane og frå skulane. Årsaka til dette kan vere mange. Ei av dei er at det har vore ein formidabel vekst i barnetalet i Sula dei siste åra. Frå skuleåret 2013/14 og fram til i dag har elevtalet auka med 182 elevar. Fleire born i skular og barnehagar fører også til fleire som treng hjelp av hjelpetenestene våre. PPT har ikkje vore tilført fleire rådgjevarstillingar for å kompensere veksten i barnetal. Samstundes med vekst så er kommunen også i ein vanskeleg økonomisk situasjon og det ser ein ved at både skular og barnehagar har fått mindre budsjett dei seinare åra. Med bemanningsnorm og lærarnorm så kan ein heller ikkje bruke budsjetta fleksibelt. Spesielt i skulane ser ein at det har vorte færre hender, det fører igjen til at PPT får fleire henvendingar. Det er grunn til å tru at om ein hadde hatt meir bemanning så hadde fleire elevar kunne fått hjelp innafor det ordinære tilbodet. Slik det er no må ein binde

delar av timane til spesialundervisning og det fører til mindre timar til det ordinære tilbodet, ein vond sirkel som ein må ha ei målsetting om å komme seg ut av. Skulane i Sula får dekt 75% av utgiftsbehovet sitt og det er eit godt bilete på kor trongt det er økonomisk.

Hausten 2020 fekk alle skulane i Norge nye læreplanar, nye fag og nytt innhald i dei fleste fag. Ei fornying av innhaldet i skulen kjem som ein naturleg konsekvens av at samfunnet og arbeidslivet er i endring med ny teknologi, ny kunnskap og nye utfordringar. Ein treng difor born og unge som i større grad enn tidlegare er kritiske, utforskande og kreative. Mykje godt med nye planar, men krevjande for alle tilsette i skulane når dei samstundes har arbeidd med smittevern og kohortinndeling. Skulane har likevel fått til eit arbeid på tvers av skulane, målsettinga er å gjere Sulaskulen om til meir enn eit omgrep på eit papir. Skulane og lærarane kan aldri bli 100% like, men det må vere eit mål at elevane på dei ulike barneskulane får den same opplæringa før dei møtast til felles undervisning når dei startar på ungdomsskulen. Mange lærarar melder om at dette arbeidet har vore positivt. Det er eit nybrottsarbeid og når ein i tillegg har hatt begrensa moglegheiter for å møtast fysisk så har ein måtte endre kurs undervegs. Det er likevel grunn til å vere stolt av det arbeidet som er gjort i fellesskap i Sula kommune på tross av pandemi og begrensingar. Eit mål vidare må vere å vidareutvikle og fortsette med fagsamarbeidet på tvers av skulane.

I 2017 fekk barnehagane ny rammeplan og dei avslutta hausten 2020 eit toårig utviklingsarbeid dei har hatt saman med Giske kommune. Det står att implementering av ein del av arbeidet, men alle barnehagane som var med er godt i gang og har gode planar for dette. Rammeplanen i barnehagen og nye læreplanar for skulen gjer at mange tema og fag no er felles for barnehage og skule. Dette gjer at vi i tida framover må pusse blank igjen metaforen «Læringsreisa». Dette er eit godt innarbeidd omgrep for alle tilsette i kultur og oppvekst, men ein må arbeide med å få innhaldet i opplæringa til å henge saman.

Både omstillingsevne, globalt perspektiv og meistring i møter med kunstig intelligens og teknologi vert ein del av kvardagen for alle som arbeider med barn og unge. Heile systemet kring spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp er sett under lupa og er oppe til vurdering. Nyare kunnskap utfordrar alle til i større grad å møte kvart born som dei er, i eit inkluderande fellesskap. Dette kan berre skje gjennom eit mangfald av tilnærmingar til dannings- og utdanningsmandatet i oppvekstsektoren. Vurderingane i denne rapporten må sjåast i lys av dette paradigmeskiftet. Siste tida har det vore endringar i Lov om barnehage, det er varsla ei barnevernreform og ny Lov om opplæring er på trappane. I tillegg er det vedteke ei nasjonal satsing kalla «Kompetanseløftet» som har denne målsettinga:

- Alle barn og elever opplev å få eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehage og skule.
- Alle barn og unge skal få moglegheit til utvikling, meistring, læring og trivsel – uavhengig av føresetnadane sine.
- Barnehagar, skular, PP-tenesta og andre i laget rundt barnet og eleven må arbeide saman for å skape eit inkluderande fellesskap.
- Det pedagogiske tilbodet må tilpassast slik at alle får eit best mogleg utgangspunkt for utvikling og læring.

Kompetanseløftet skal bidra til at det er tilstrekkeleg kompetanse som er tett på barna og elevane. Sula – som ein del av region nordre Sunnmøre og i samarbeid med Høgskulen i Volda – gjorde ei stor kartlegging av kompetanse og haldningar hausten 2021. Målet med kartlegginga var å avdekke kvar vi i vår kommune manglar kompetanse for å kunne oppfylle målsettinga til Kompetanseløftet. Konkret har ein i samarbeid med rektorane valgt å ha ei satsing på lese- og skrivevanskar for skuleåret 2022 – 2023 då ein såg at det var eit

behov for dette. Ein ønskjer også å gjere alle skulane om til dysleksivennlege skular; og med eit mål om å vere ein dysleksivennleg kommune på sikt.

God oppvekst prosjektet som mellom anna førte til oppretting av TBU har gjort at Sula på mange måtar er godt rusta for dei nye lovendringane og satsingane som kjem nasjonalt. Vi har gode areaner for tverrfagleg arbeid og mellom anna SamBa er godt etablert og i bruk i alle barnehagar og skular. Siste åra har oppvekst også teke i bruk ein digital plattform, DIPS samspill, som gjer at ein også kan samhandle digitalt på ein sikkert og trygg måte. Det er blitt enklare å ta med føresette i samhandlinga. BTI arbeidet er godt i gang og alle barnehagar og skular har hatt opplæring, no ventar implementering og til å få arbeidet til å bli ein naturleg del av alle sin arbeidskvardag. Det ligg no ute på Sula kommune si heimeside gode verktøy og gode råd til både føresette, tilsette og andre som har ei uro for eit barn.



Sula kommune legg fram ein rapport som skisserer eit tidsbilete av oppvekstsektoren. Rapporten baserer seg på statistikk frå GSI, BASIL, Skoleporten, Barnehagefakta og Kostra. I skulane er det mykje telling og måling det er difor overvekt på desse, då det er innbakt i lovkravet om kva ein årleg rapport for skulane skal innehalde.

Det er lagt vekt på å utfylle telling med forteljing - og leiarane sine analyser og refleksjonar er lagt ved som vedlegg til rapporten. I juni vart det også presentert ein Oppvekstprofil der ein kan få ut nøkkeltal for eiga kommune, denne ligg også ved som vedlegg. Omgrepet *Læringsreisa* tydeleggjer kravet om god kvalitet for alle tenester og i alle møter vi har med born og unge og deira føresette, uavhengig av kvar på øya dei bur og kva teneste dei skal møte.

Utdanningsdirektoratet etablerte våren 2021 ein ny statistikkmodul på sine sider, dessverre er desse tabellane best å lese på digitale flater der ein kan «blåse opp» og betre sjå tala.

# Barnehagar

I Sula kommune har vi fire kommunale barnehagar og fem private. I tillegg driv Røde Kors open barnehage ein dag i veka. Frå og med hausten 2022 vil talet på private barnehagar vere fire då Hatlebakken legg ned drifta. Talet på barn i barnehage varierer noko gjennom eit år, men for barnehageåret 2021 2022 har det vore om lag 612 born (pr.15.12.21) og om lag 137 årsverk. I Sula er 43,1 % prosent av borna i kommunal barnehage. Det er noko ledig kapasitet både i private og kommunale, men flest ledige plassar er det i Langevågområdet.

I 2018 vart det vedteke ei bemanningsnorm for barnehagane, dette vil seie minimum ein vaksen per tre born under tre år og minimum ein vaksen per seks barn over tre år. I tillegg har barnehagane ei pedagognorm som seier at det skal vere minimum ein pedagogisk leiar per 14-18 barn når dei er over tre år og tilsvarande per 7-9 barn når dei er under tre år. Bemanningsnorma for barnehagane er underfinansiert for både kommunale og private og ein ser på landsbasis at ein del små barnehagar som ikkje er knytt til dei store kjedene slit økonomisk. Det vart difor sett ned ein komité, leia av Statsforvaltar i Innlandet Knut Storberget, som skulle sjå på finansiering av private barnehagar. Dei la fram si innstilling i juni 2021.

| **<u>Alle tal per.15.12.21</u>** | **Antal born** | **Barn per tilsett** | **Barn per barnehagelærar** | **Leike og opphaldsareal per barn** | **Oppfylt pedagognorm** |
|---|---|---|---|---|---|
| **Molvær barnehage** | 69 | 6,0 | 12,9 | 4,8 $m^2$ | Ja |
| **Måseide barnehage** | 65 | 6,0 | 12,7 | 5 $m^2$ | Ja |
| **Langevåg barnehage** | 96 | 6,0 | 12,4 | 6,3 $m^2$ | Ja |
| **Sunde barnehage** | 34 | 6,0 | 12,0 | 4,3 $m^2$ | Ja |
| **Vasset barnehage** | 18 | 5,9 | 12,5 | 6,2 $m^2$ | Ja |
| **Nymarkbakken FUS bhg.** | 121 | 6,0 | 14,4 | 6,8 $m^2$ | Ja m/disp |
| **Hatlebakken barnehage** | 14 | 5,1 | 12,1 | 7,1 $m^2$ | Ja m/disp |
| **Rørstadmarka barnehage** | 55 | 6,1 | 13,7 | 4,7 $m^2$ | Ja m/disp |
| **Norlandia Bjørkavåg bhg.** | 140 | 6,0 | 15,2 | 5 $m^2$ | Ja m/disp |









## Skular

I Sula kommune var det skuleåret 2021/22 fire barneskular og ein ungdomsskule med til saman 1356 elevar og om lag 104 lærarårsverk til undervisning. Det er stor variasjon i klassestorleik, frå 10 til 28 elevar. Skulestruktur vart først tematisert i Skulebruksplanen 2014/17, og 14.juni 2018 fatta kommunestyret samrøystes vedtak om å byggje ein ny, felles skule på Rørstadmarka (K-vedtak 47/18). Nye vedtak i kommunestyra 13.12.18 (K-103/18) og 14.02.19 (K-004/19) som gjekk på kostnadar til den nye skulen. Rørstadmarka skule er klar til bruk frå august 2022 og med det har ein optimalisert skulestrukturen i Sula kommune.

Ny skulestruktur inneber avvikling av einparallellskulane i Sula og opnar dermed for større fleksibilitet i organisering av tilsette og elevar, både i skule og SFO. I tillegg til kvalitetsgevinsten, vil investeringane bidra til å halde driftskostnadane i skulesektoren nede, også ved vekst. Det er vanskeleg å rekne på kor store innsparingane kan bli, men om ein ser på Framsikt Analyse der Kostratal og andre nøkkeltal ligg til grunn for analysa ser ein at store skular driv rimelegare enn dei små. Sula samanliknar seg ofte med Nannestad kommune og sjølv om Sula driv grunnskule rimeleg så driv Nannestad sine skular om lag 9 million rimelegare enn Sula. Hovudårsaka til forskjellen er skulestruktur/størrelse. Nannestad har i snitt 362 elevar per skule medan Sula har 267 og to av skulane har berre ein parallell. Hausten 2022 er snittet i Sula 338.

| Skule | Antall elevar | Ant. Elevar med spesialundervisning | Antall kontaktlærarar | Antall lærarar | Antall assistentar (og anna personell) |
|---|---|---|---|---|---|
| **Solevåg skule** | 235 | 27 | 14 | 21 | 9 |
| **Måseide skule** | 96 | 8 | 7 | 12 | 5 |
| **Fiskerstrand skule** | 125 | 9 | 7 | 13 | 5 |
| **Langevåg skule** | 534 | 33 | 26 | 45 | 20 |
| **Sula ungdomsskule** | 366 | 32 | 31 | 44 | 9 |

Lærartettleik i ordinær undervisning er eit mål på elevar per lærar. Ressursar til spesialundervisning og særskilt norskopplæring vert ikkje rekna med. Stortinget bestemte i 2017 at det skulle innførast ei øvre grense for kor mange elevar det skal vere per lærar i offentlege grunnskular, den såkalla lærarnorma. På 1.-4.trinn er norma sett til 15 elevar per lærar, medan på mellom- og ungdomstrinnet er sett til 20 elevar per lærar. Lærarnorma skal gjelde på skulenivå. I Sula oppfyller vi lærarnorma på alle skulane med knapp margin, likevel ser vi at vi jamt over kjem dårlegare ut enn snittet for fylket og landet. Dette gjeld særskilt for ungdomstrinnet.

9

| Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet | 2019-20<br>Alle trinn<br>Alle eierformer<br>Lærertetthet i ordinær undervisning | 2020-21<br>Alle trinn<br>Alle eierformer<br>Lærertetthet i ordinær undervisning | 2021-22<br>Alle trinn<br>Alle eierformer<br>Lærertetthet i ordinær undervisning |
|---|---|---|---|
| − Hele landet | 15,84 | 15,72 | 15,54 |
| − Møre og Romsdal | 14,87 | 15,00 | 14,83 |
| − Sula | 17,32 | 17,35 | 17,07 |
| Fiskarstrand skule | 15,81 | 15,07 | 15,28 |
| Langevåg skule | 17,61 | 16,42 | 16,46 |
| Måseide skule | 11,71 | 14,93 | 14,20 |
| Solevåg skule | 14,69 | 15,33 | 15,33 |
| Sula ungdomsskule | 22,01 | 22,26 | 21,02 |

| Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet | 2019-20<br>1.-4. årstrinn<br>Alle eierformer<br>Lærertetthet i ordinær undervisning | 2020-21<br>1.-4. årstrinn<br>Alle eierformer<br>Lærertetthet i ordinær undervisning | 2021-22<br>1.-4. årstrinn<br>Alle eierformer<br>Lærertetthet i ordinær undervisning |
|---|---|---|---|
| − Hele landet | 13,99 | 13,77 | 13,54 |
| − Møre og Romsdal | 12,99 | 12,92 | 12,84 |
| − Sula | 14,98 | 14,99 | 14,47 |
| Fiskarstrand skule | 14,88 | 16,10 | 14,69 |
| Langevåg skule | 16,63 | 14,72 | 14,48 |
| Måseide skule | 11,56 | 14,35 | 13,05 |
| Solevåg skule | 13,71 | 15,39 | 14,99 |

| | 2019-20 | 2020-21 | 2021-22 |
|---|---|---|---|
| | 5.-7. årstrinn | 5.-7. årstrinn | 5.-7. årstrinn |
| | Alle eierformer | Alle eierformer | Alle eierformer |
| Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet | Lærertetthet i ordinær undervisning | Lærertetthet i ordinær undervisning | Lærertetthet i ordinær undervisning |
| − Hele landet | 16,46 | 16,46 | 16,20 |
| − Møre og Romsdal | 14,87 | 15,11 | 15,01 |
| − Sula | 17,13 | 16,98 | 17,58 |
| Fiskarstrand skule | 16,89 | 14,05 | 15,96 |
| Langevåg skule | 19,37 | 19,31 | 19,52 |
| Måseide skule | 11,98 | 15,66 | 15,71 |
| Solevåg skule | 16,04 | 15,24 | 15,72 |

| | 2019-20 | 2020-21 | 2021-22 |
|---|---|---|---|
| | 8.-10. årstrinn | 8.-10. årstrinn | 8.-10. årstrinn |
| | Alle eierformer | Alle eierformer | Alle eierformer |
| Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet | Lærertetthet i ordinær undervisning | Lærertetthet i ordinær undervisning | Lærertetthet i ordinær undervisning |
| − Hele landet | 17,79 | 17,63 | 17,57 |
| − Møre og Romsdal | 17,47 | 17,76 | 17,32 |
| − Sula | 22,01 | 22,26 | 21,02 |
| Sula ungdomsskule | 22,01 | 22,26 | 21,02 |

# Tiltakseining for barn og unge

Helsestasjon, PPT og Barnevern er organisert i Tiltakseining for barn og unge (TBU). PPT og Barnevern har kontora sine på rådhuset medan Helsestasjonen er lokalisert i same hus som legekontoret. Det er eit stort ønske om å kunne samlokalisere TBU og dette var eigentleg ein føresetnad for å samle tenestene i ei eining. Dei siste åra har ein både ved hjelp av prosjektmidlar og omdisponering av eigne ressursar fått på plass nokre tiltaksstillingar som er avgjerande for at ein skal kunne yte gode tenester til barn og unge i kommunen. Tiltakskoordinator har sitt kontor på helsestasjonen, men skal koordinere tenester inn mot alle fagområda. I dette ligg både møteleiing, rettleiing og prosjektleiing. Familierettleiar er organisert inn under barnevern og skal primært rettleie og styrke foreldrekompetanse, samspel og kommunikasjon i familien. Psykososial rådgjevar er også ei relativ nyoppretta stilling som er organisert i PPT, og er knytt til det førebyggande, pedagogiske og systemiske arbeidet inn mot familiar, barnehagar og skular. Stillinga inngår som eit supplement til eksisterande funksjonar i PPT og er ei satsing inn mot psykiske og sosiale tilhøve som er viktig for barna si helse og mentale fungering. Fokuset skal vere på tidleg og førebyggande innsats. UngdomsLos er

det siste tilskotet av tiltaksstillingar og har fungert sidan januar 2020. UngdomsLosen skal drive oppsøkande og førebyggande arbeid. Gjennom losfunksjonen skal ungdommar som treng hjelp få ein person å forhalde seg til, som sørger for tett oppfølging og som bidreg til at ungdommane klarer å nyttiggjere seg tilbod som blir gitt av skulen eller av andre tenester. Målet er at færre skal falle ut av opplæring. Overgangen inn i vidaregåande skule er spesielt viktig for mange ungdommar. UngdomsLos er finansiert med prosjektmidlar og Sula kommune har midlar kun ut 2022.



TBU er ein viktig pådrivar for å samhandle som eit lag rundt barna. I SamBa møta som er på alle skular og barnehagar er det alltid representantar for dei tre fagområda med og det er tiltakskoordinator som leiar møta.

PPT har også tidlegare i rapporten vore omtala. PPT har i tillegg til rådgjevarar også ansvar for spesialpedagogane som skal arbeide i barnehagane, både i dei kommunale og private. Spesialpedagogane er primært stasjonert i ein bestemt barnehage og kan der både drive spesialpedagogisk hjelp til dei med vedtak og også ta med andre barn som ein ønskjer å vurdere for evt. oppmelding til PPT. Barnehagane er svært nøgde med denne ordninga som også har ført til at barna har fått fleire timar med hjelp. Det er likevel eit for høgt antall barn med vedtak til at ein klarer å oppfylle alle vedtak optimalt på grunn av manglande ressursar.

Helsestasjonen er heilt avhengige av styrkingsmidlar frå Helsedirektoratet for å kunne oppfylle normkrava i skulehelsetenesta. Per i dag klarer vi dette, men ein må som tidlegare nemnt arbeide for å sakte men sikkert bygge faste stillingar til skulehelsesjukepleiarane slik at vi, når styrkingsmidlane ikkje lenger er der, fortsatt kan oppfylle krava. Våren 2021 fekk TBU styrkingsmidlar for å kunne tilsette psykolog og vi er glade for å ha fått tilsett psykolog som startar hausten 2021 i TBU. Dette er eit løft for både barn og unge, gravide og tilsette i sektoren.

Barnevern vil også i år levere sin eigen tilstandsrapport, men ein ser også i barnevern resultat av stor vekst i barnetal over år utan at det har vore tilsett fleire. Kvar tilsett i barnevernet har ei stor saksmengd/tal på saker per tilsett om ein samanliknar med andre kommunar. Barnevernsreforma kjem med nye oppgåver til kommunane, utan at det følgjer nok ressursar med, og det må føre til at ein tilfører barnevern fleire stillingar.

## Barnehagemiljø

Frå og med januar 2021 kom det inn i Lov om barnehagar eit eige kapittel som omhandlar det psykososiale barnehagemiljøet, tilsvarande det som har vore i Opplæringslova kap.9A i fleire år. Alle barnehagar er pålagt å arbeide med dette. I skulane kan ein bruke elevundersøkinga for å «måle» korleis elevane sjølve opplev sitt skulemiljø, dette er ikkje like enkelt for barnehagane. I denne rapporten vel vi å presentere resultat frå foreldreundersøkinga som stort sett alle barnehagane har gjennomført og som det er kultur for å gjennomføre kvart år, denne fortel ein del om miljøet i barnehagen sjølv om den ikkje spesifikt omhandlar det psykososiale miljøet.  Grunna pandemi og eit større smitteutbrot i tida då undersøkinga skulle gjerast så er det ikkje alle barnehagane som fekk gjennomført. Frå 2022 håper vi å kunne vere i rute igjen med undersøking i alle einingane.

## Foreldreundersøkelsen 2021

| Antall besvart | Svarprosent |
|---|---|
| 252 | 62,4% |

**Snitt for Sula**




2021, Sula, Alle eierformer

**Snitt for hele landet**




2021, Hele landet, Alle eierformer

## Foreldreundersøkelsen 2021

| Antall besvart | Svarprosent |
|---|---|
| 23 | 67,6% |

**Snitt for Sunde barnehage (Sula)**




2021, Sunde barnehage (Sula), Alle eierformer

**Snitt for hele landet**




2021, Hele landet, Alle eierformer

## Foreldreundersøkelsen 2021

| Antall besvart | Svarprosent |
|---|---|
| 50 | 79,4% |

**Snitt for Måseide barnehage**




2021, Måseide barnehage, Alle eierformer

**Snitt for hele landet**




2021, Hele landet, Alle eierformer

## Foreldreundersøkelsen 2021

| Antall besvart | Svarprosent |
|---|---|
| 64 | 100,0% |

**Snitt for Molvær barnehage**




2021, Molvær barnehage, Alle eierformer

**Snitt for hele landet**




2021, Hele landet, Alle eierformer







# Læringsmiljø

Alle elevar i grunnskulen og vidaregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt læringsmiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Tabellane i denne delen av rapporten viser nokre resultat frå elevundersøkinga, både på kommune og på skulenivå. I tillegg vel dei fleste også å køyre foreldreundersøking for sine skular.

I elevundersøkinga får elevane seie si meining om læringsmiljøet og dei faktorane som er viktige for å lære og trivast på skulen, Skalaen er 1-5 og høg verdi vil seie positivt resultat. Som for alle brukarundersøkingar så er det ein viss feilmargin og ein kan ikkje aleine nytte elevundersøkinga for å avgjere kvaliteten på læringsmiljøet. Ein skal vere forsiktig med å trekke konklusjonar basert på resultata i denne undersøkinga. Resultata gir likevel eit nyttig tidsbilete av læringsmiljøet og kan gje informasjon om kva ein i kommunen og på den enkelte skule bør arbeide vidare med. Resultata som blir presentert her viser til resultat på 7. og

10.trinn, men det er praksis på barneskulane for at 5.-7.trinn tek undersøkinga, alternativt 6. og 7.trinn. På ungdomsskulen er det oftast alle trinna som tek undersøkinga. I tillegg kjem alt det førebyggande og daglege arbeidet med læringsmiljø både på skule, klasse og elevnivå på alle skulane.

**Læringskultur:** Indeksen syner om elevane opplev at skulearbeidet er viktig for klassa og om det er rom for å gjere feil i læringsarbeidet.

**Elevdemokrati og medvirkning:** Indeksen syner elevane si oppleving av moglegheit for å medverke i arbeidet med faga, og om dei får vere med å bestemme klassereglar og delta i elevrådsarbeid.

**Fagleg utfordring:** Indikatoren syner elevane si oppleving av faglege utfordringar på skulen.

**Felles reglar:** Indeksen syner om elevane kjenner til skulen sitt reglement, og kor samkøyrte elevane opplev at dei vaksne på skulen er i høve reaksjonar på ordens- og åtferdsreglementet.

**Trivsel:** Indikatoren syner elevane sin generelle trivsel på skulen.

**Meistring:** Indeksen syner elevane si oppleving av meistring i høve undervisning, lekser og arbeid på skulen.

**Utdannings og yrkesrettleiing (ungdomssteget):** Indikatoren syner elevane si oppleving av utdanning og yrkesrettleiing på skulen. I og med at alle trinna på ungdomsskulen tek undersøkinga er det ikkje sikkert at resultatet her blir heilt rettferdig i høve den rettleiinga som nødvendigvis er mest konsentrert på 10.trinn.

**Motivasjon:** Indeksen syner elevane sin indre motivasjon, interesse og lærelyst for skulearbeidet.

**Vurdering for læring:** Indeksen kartlegg elevane si oppleving av dei fire prinsippa i vurdering for læring.

- Elevane skal forstå kva dei skal lære og kva som er forventa av dei.
- Elevane skal få tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen.
- Elevane skal få råd om korleis dei kan forbetre seg.
- Elevane skal vere involvert i eige læringsarbeid, mellom anna ved å vurdere eige arbeid og utvikling.

**Støtte heimafrå:** Indeksen syner elevane si oppleving av interessa, støtta og oppmuntringa dei får frå heime når det gjeld skule og skulearbeid.

| | 2019-20 | | 2020-21 | | 2021-22 | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Hele landet | | Hele landet | | Hele landet | |
| | Alle fylker | Møre og Romsdal | Alle fylker | Møre og Romsdal | Alle fylker | Møre og Romsdal |
| | Alle kommuner | Sula | Alle kommuner | Sula | Alle kommuner | Sula |
| | Alle skoler | Sula kommune (EIER) | Alle skoler | Sula kommune (EIER) | Alle skoler | Sula kommune (EIER) |
| | 7. årstrinn | 7. årstrinn | 7. årstrinn | 7. årstrinn | 7. årstrinn | 7. årstrinn |
| | Offentlig skole | Offentlig skole | Offentlig skole | Offentlig skole | Offentlig skole | Offentlig skole |
| Spørsmålene i Elevundersø... | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn |
| Indikator - Spørsmål | Snittsvar | Snittsvar | Snittsvar | Snittsvar | Snittsvar | Snittsvar |
| + Læringskultur | 4,0 | 3,8 | 4,0 | 3,7 | 3,9 | 4,0 |
| + Elevdemokrati og medvirkning | 3,8 | 3,7 | 3,7 | 3,3 | 3,7 | 3,7 |
| + Faglig utfordring | 4,0 | 3,9 | 4,0 | 3,9 | 4,0 | 3,7 |
| + Felles regler | 4,4 | 4,3 | 4,3 | 4,1 | 4,3 | 4,3 |
| + Trivsel | 4,3 | 4,3 | 4,2 | 3,9 | 4,2 | 4,2 |
| + Mestring | 4,0 | 3,9 | 4,0 | 3,6 | 4,0 | 4,1 |
| + Støtte fra lærerne | 4,4 | 4,5 | 4,4 | 4,1 | 4,3 | 4,5 |
| + Motivasjon | 3,8 | 3,5 | 3,7 | 3,2 | 3,6 | 3,6 |
| + Vurdering for læring | 3,9 | 3,8 | 3,8 | 3,5 | 3,8 | 3,9 |
| + Støtte hjemmefra | 4,3 | 4,1 | 4,3 | 4,0 | 4,2 | 4,1 |







Skuleåret som er lagt bak oss har nok vore prega av pandemi på mange måtar og ein må ha med seg dette når resultata skal tolkast. Det er variasjonar mellom skulane og kvar skule må sjå på sine resultat, men om ein skal seie noko generelt på barnetrinna så er det at ein må arbeide vidare med vurdering for læring (som var eit fokusområde for alle skulane for nokre år sidan) og at kvar enkelt skule ser på resultat for trivsel,

meistring og faglege utfordringar for alle elevar. Det er på mange område stabile resultat år for år, men ein ser noko meir variasjon på barnetrinnet enn på ungdomstrinnet utan at ein kan forklare dette på ein god måte.

Solevåg skule:

17

| | 2019-20 | | 2020-21 | | 2021-22 | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Hele landet | | Hele landet | | Hele landet | |
| | Alle fylker | Møre og Romsdal | Alle fylker | Møre og Romsdal | Alle fylker | Møre og Romsdal |
| | Alle kommuner | Sula | Alle kommuner | Sula | Alle kommuner | Sula |
| | Alle skoler | Solevåg skule | Alle skoler | Solevåg skule | Alle skoler | Solevåg skule |
| | 7. årstrinn | 7. årstrinn | 7. årstrinn | 7. årstrinn | 7. årstrinn | 7. årstrinn |
| | Offentlig skole | Offentlig skole | Offentlig skole | Offentlig skole | Offentlig skole | Offentlig skole |
| Spørsmålene i Elevundersøkel... | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn |
| Indikator - Spørsmål | Snittsvar | Snittsvar | Snittsvar | Snittsvar | Snittsvar | Snittsvar |
| + Læringskultur | 4,0 | 3,8 | 4,0 | 4,0 | 3,9 | 4,1 |
| + Elevdemokrati og medvirkning | 3,8 | 3,3 | 3,7 | 3,5 | 3,7 | 3,4 |
| + Faglig utfordring | 4,0 | 3,7 | 4,0 | 3,8 | 4,0 | 3,9 |
| + Felles regler | 4,4 | 4,3 | 4,3 | 4,1 | 4,3 | 4,4 |
| + Trivsel | 4,3 | 4,3 | 4,2 | 3,9 | 4,2 | 4,4 |
| + Mestring | 4,0 | 4,0 | 4,0 | 3,9 | 4,0 | 4,2 |
| + Støtte fra lærerne | 4,4 | 4,5 | 4,4 | 4,1 | 4,3 | 4,6 |
| + Motivasjon | 3,8 | 3,5 | 3,7 | 3,3 | 3,6 | 3,6 |
| + Vurdering for læring | 3,9 | 3,4 | 3,8 | 3,6 | 3,8 | 3,8 |
| + Støtte hjemmefra | 4,3 | 4,0 | 4,3 | 4,0 | 4,2 | 4,2 |







## Måseide skule:

| | 2019-20 | | 2020-21 | | 2021-22 | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Hele landet | | Hele landet | | Hele landet | |
| | Alle fylker | Møre og Romsdal | Alle fylker | Møre og Romsdal | Alle fylker | Møre og Romsdal |
| | Alle kommuner | Sula | Alle kommuner | Sula | Alle kommuner | Sula |
| | Alle skoler | Måseide skule | Alle skoler | Måseide skule | Alle skoler | Måseide skule |
| | 7. årstrinn | 7. årstrinn | 7. årstrinn | 7. årstrinn | 7. årstrinn | 7. årstrinn |
| | Offentlig skole | Offentlig skole | Offentlig skole | Offentlig skole | Offentlig skole | Offentlig skole |
| Spørsmålene i Elevundersøkel... | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn |
| Indikator - Spørsmål | Snittsvar | Snittsvar | Snittsvar | Snittsvar | Snittsvar | Snittsvar |
| + Læringskultur | 4,0 | 4,3 | 4,0 | 4,1* | 3,9 | 3,4* |
| + Elevdemokrati og medvirkning | 3,8 | 3,9 | 3,7 | 3,8* | 3,7 | 4,3* |
| + Faglig utfordring | 4,0 | 3,9 | 4,0 | 4,3* | 4,0 | 3,8* |
| + Felles regler | 4,4 | 4,6 | 4,3 | 4,6* | 4,3 | 4,5* |
| + Trivsel | 4,3 | 4,4 | 4,2 | 3,9* | 4,2 | 3,7* |
| + Mestring | 4,0 | 4,1 | 4,0 | 3,7* | 4,0 | 3,8* |
| + Støtte fra lærerne | 4,4 | 4,6 | 4,4 | 4,1* | 4,3 | 4,3* |
| + Motivasjon | 3,8 | 3,8 | 3,7 | 3,3* | 3,6 | 3,2* |
| + Vurdering for læring | 3,9 | 4,2 | 3,8 | 3,9* | 3,8 | 4,3* |
| + Støtte hjemmefra | 4,3 | 4,7 | 4,3 | 4,3* | 4,2 | 4,2* |







## Fiskarstrand skule:

| | 2019-20 | | 2020-21 | | 2021-22 | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Hele landet | | Hele landet | | Hele landet | |
| | Alle fylker | Møre og Romsdal | Alle fylker | Møre og Romsdal | Alle fylker | Møre og Romsdal |
| | Alle kommuner | Sula | Alle kommuner | Sula | Alle kommuner | Sula |
| | Alle skoler | Fiskarstrand skule | Alle skoler | Fiskarstrand skule | Alle skoler | Fiskarstrand skule |
| | 7. årstrinn | 7. årstrinn | 7. årstrinn | 7. årstrinn | 7. årstrinn | 7. årstrinn |
| | Offentlig skole | Offentlig skole | Offentlig skole | Offentlig skole | Offentlig skole | Offentlig skole |
| Spørsmålene i Elevundersøkel... | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn |
| Indikator - Spørsmål | Snittsvar | Snittsvar | Snittsvar | Snittsvar | Snittsvar | Snittsvar |
| + Læringskultur | 4,0 | 4,1 | 4,0 | 3,8 | 3,9 | 4,4 |
| + Elevdemokrati og medvirkning | 3,8 | 4,0 | 3,7 | 3,4 | 3,7 | 4,1 |
| + Faglig utfordring | 4,0 | 3,6 | 4,0 | 3,6 | 4,0 | 4,0 |
| + Felles regler | 4,4 | 4,4 | 4,3 | 4,2 | 4,3 | 4,4 |
| + Trivsel | 4,3 | 4,3 | 4,2 | 3,8 | 4,2 | 4,3 |
| + Mestring | 4,0 | 3,9 | 4,0 | 3,6 | 4,0 | 4,0 |
| + Støtte fra lærerne | 4,4 | 4,4 | 4,4 | 3,9 | 4,3 | 4,8 |
| + Motivasjon | 3,8 | 3,4 | 3,7 | 3,4 | 3,6 | 4,1 |
| + Vurdering for læring | 3,9 | 4,0 | 3,8 | 3,7 | 3,8 | 4,1 |
| + Støtte hjemmefra | 4,3 | 3,8 | 4,3 | 4,1 | 4,2 | 4,5 |







## Langevåg skule:

| | 2019-20 | | 2020-21 | | 2021-22 | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Hele landet | | Hele landet | | Hele landet | |
| | Alle fylker | Møre og Romsdal | Alle fylker | Møre og Romsdal | Alle fylker | Møre og Romsdal |
| | Alle kommuner | Sula | Alle kommuner | Sula | Alle kommuner | Sula |
| | Alle skoler | Langevåg skule | Alle skoler | Langevåg skule | Alle skoler | Langevåg skule |
| | 7. årstrinn | 7. årstrinn | 7. årstrinn | 7. årstrinn | 7. årstrinn | 7. årstrinn |
| | Offentlig skole | Offentlig skole | Offentlig skole | Offentlig skole | Offentlig skole | Offentlig skole |
| Spørsmålene i Elevundersøkel... | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn |
| Indikator - Spørsmål | Snittsvar | Snittsvar | Snittsvar | Snittsvar | Snittsvar | Snittsvar |
| + Læringskultur | 4,0 | 3,7 | 4,0 | 3,4 | 3,9 | 3,8 |
| + Elevdemokrati og medvirkning | 3,8 | 3,8 | 3,7 | 3,2 | 3,7 | 3,5 |
| + Faglig utfordring | 4,0 | 4,1 | 4,0 | 3,9 | 4,0 | 3,4 |
| + Felles regler | 4,4 | 4,3 | 4,3 | 3,9 | 4,3 | 4,2 |
| + Trivsel | 4,3 | 4,2 | 4,2 | 4,0 | 4,2 | 4,2 |
| + Mestring | 4,0 | 3,9 | 4,0 | 3,5 | 4,0 | 4,1 |
| + Støtte fra lærerne | 4,4 | 4,5 | 4,4 | 4,1 | 4,3 | 4,3 |
| + Motivasjon | 3,8 | 3,5 | 3,7 | 3,1 | 3,6 | 3,5 |
| + Vurdering for læring | 3,9 | 3,7 | 3,8 | 3,2 | 3,8 | 3,9 |
| + Støtte hjemmefra | 4,3 | 4,1 | 4,3 | 3,9 | 4,2 | 3,9 |







## Sula ungdomsskule:

| | 2019-20 | | 2020-21 | | 2021-22 | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Hele landet | | Hele landet | | Hele landet | |
| | Alle fylker | Møre og Romsdal | Alle fylker | Møre og Romsdal | Alle fylker | Møre og Romsdal |
| | Alle kommuner | Sula | Alle kommuner | Sula | Alle kommuner | Sula |
| | Alle skoler | Sula ungdomsskule | Alle skoler | Sula ungdomsskule | Alle skoler | Sula ungdomsskule |
| | 10. årstrinn | 10. årstrinn | 10. årstrinn | 10. årstrinn | 10. årstrinn | 10. årstrinn |
| | Offentlig skole | Offentlig skole | Offentlig skole | Offentlig skole | Offentlig skole | Offentlig skole |
| Spørsmålene i Elevundersøk... | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn |
| Indikator - Spørsmål | Snittsvar | Snittsvar | Snittsvar | Snittsvar | Snittsvar | Snittsvar |
| + Læringskultur | 3,8 | 3,6 | 3,9 | 4,0 | 3,8 | 3,6 |
| + Elevdemokrati og medvirkning | 3,4 | 2,9 | 3,4 | 3,2 | 3,4 | 3,2 |
| + Faglig utfordring | 4,3 | 4,3 | 4,3 | 4,2 | 4,3 | 4,4 |
| + Felles regler | 4,0 | 3,9 | 4,0 | 3,9 | 4,0 | 4,0 |
| + Trivsel | 4,1 | 4,2 | 4,1 | 4,1 | 4,1 | 4,1 |
| + Mestring | 3,9 | 3,8 | 3,9 | 4,0 | 3,9 | 3,6 |
| + Utdanning og yrkesveiledning | 3,8 | 3,6 | 3,8 | 3,8 | 3,8 | 3,9 |
| + Støtte fra lærerne | 4,0 | 3,9 | 4,1 | 4,1 | 4,0 | 3,9 |
| + Motivasjon | 3,4 | 3,2 | 3,5 | 3,3 | 3,4 | 3,2 |
| + Vurdering for læring | 3,3 | 2,9 | 3,3 | 3,2 | 3,3 | 3,1 |
| + Støtte hjemmefra | 4,1 | 4,1 | 4,1 | 4,2 | 4,1 | 4,3 |







Ungdomsskulen sine resultat viser på lik linje med barneskulane ikkje dei store svingingane frå år til år og resultata er om lag som landet generelt. Arbeid med trivsel, meistring og motivasjon er alltid område der ein må fortsette å kvalitetsutvikle.

Hausten 2017 vart det innført endringar i Opplæringslova kap. 9A, elevane sitt skulemiljø. Lova gjeld for skuledagen, leksehjelpordningar og skulefritidsordningar. Lovendringa skal sikre at elevane har det trygt og godt på skulen. Dersom elevane trivst så er det også større moglegheiter for at dei lærer best mogleg. Reglane gjev elevane ein individuell rett og inneheld ein framgangsmåte for korleis skulen og statsforvaltaren skal behandle sakene på ein best mogleg måte. Innføringa har ført til ei praksisendring på skulane, det er mellom anna eit auka krav til dokumentasjon og til korleis den enkelte rektor og skule skal handtere sakene. Det er eit auka fokus på læringsmiljø og at kommunen skal ha eit etablert system for å handtere saker der elevar ikkje opplev eit trygt og godt skulemiljø. Sula kommune innførte som eit ledd i dette ein «varslingsknapp» på kommunen og kvar enkelt skule si heimeside vinteren 2021. Her kan alle, uansett rolle, melde bekymring for skulemiljøet til ein elev. Knappen er framleis ny, men ein har gode erfaringar med bruken så langt.

Når ein skal presentere tal på mobbing så vert det her berre presentert på kommunenivå for barneskulane då det er ulik storleik på skulane og ikkje alle tal er offentlege. På denne delen av undersøkinga så kan ein ikkje vere nøgd før ein ikkje har nokon som melder at dei har blitt utsett for mobbing eller krenkingar. Skulane har i tillegg til elevundersøkinga eigne trivselsundersøkingar og samtalar med elevane for å avdekke om nokon ikkje har det greitt på skulen. Alle skulane deltek/har delteke i etterutdanning for å få meir kompetanse i å avdekke og førebygge mobbing og krenkingar. Sula kommune ved skuleeigar og Måseide skule hadde våren 2021 tilsyn frå statsforvaltaren med temaet « Om kommunen sin internkontroll sikrar at skulen oppfyller plikta til å varsle og undersøke i skulemiljøsaker». Skulen fekk gode tilbakemeldingar på sitt arbeid, men skuleeigar måtte utarbeide ein del felles prosedyrar og rutinar for alle skulane. Desse var gjeldande frå skulestart hausten 2021.













# Læring

Eit av hovudmåla med opplæringa er at elevane skal meistre grunnleggande ferdigheiter og ha god fagleg kompetanse. Nasjonale prøver, skulebidragsindikatoren, grunnskulepoeng og karakterar (standpunkt og eksamen) gir oss nyttig informasjon om i kva grad vi når måla med opplæringa. På grunn av pandemien er ikkje eksamen gjennomført verken våren 2020 eller våren 2021.

## Nasjonale prøver 5.trinn

Gjennom nasjonale prøver i lesing og rekning skal ein kartlegge i kva grad elevane sine ferdigheiter er i samsvar med dei fastsette måla slik dei er integrert i læreplanverket. Engelsk er ikkje ein av dei

grunnleggande ferdigheitene og derfor skil prøva i engelsk seg frå dei andre nasjonale prøvene ved at den tek utgangspunkt i kompetansemålet for eitt fag – engelsk.

Nasjonale prøver i engelsk skal kartlegge i kva grad elevane sine leseferdigheiter i engelsk er i samsvar med kompetansemål i læreplanen for engelsk. Ein måler ferdigheitene i leseforståing, vokabular og grammatikk.

Nasjonale prøver i lesing er ikkje ei prøve i norskfaget, men ei prøve i lesing som grunnleggande ferdigheit. Det vil seie som ein del av fagkompetansen i alle fag. Dei nasjonale prøvene skal kartlegge i kva grad leseferdigheitene til elevane er i samsvar med kompetansemål der leseferdigheiter er integrert. Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar desse tre områda:

- Finne informasjon
- Tolke og forstå
- Reflektere over og vurdere tekstens form og innhald

Nasjonale prøver i rekning skal kartlegge i kva grad elevane sine rekneferdigheiter er i samsvar med kompetansemål der rekneferdigheiter er integrert. Dette betyr at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikkfaget, men ei prøve i rekning som grunnleggande ferdigheit. Rekneprøvane tek utgangspunkt i korleis elevane kan bruke rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar. Elevane må forstå og reflektere over korleis dei best kan løyse ei gitt utfordring og at dei kan løyse problem ved hjelp av rekneoperasjonar og om dei kan vurdere om svara dei får er rimelege. Dei nasjonale prøvene i rekning omfattar desse tre områda:

- Tall
- Måling
- Statistikk

Den enkelte skule og skuleeigar i lag med nasjonale myndigheiter skal bruke informasjonen frå dei nasjonale prøvene i arbeidet med å forbetre kvaliteten på opplæringa.






## Sula kommune

### Mestringsnivåer – alle trinn – engelsk

Sula kommune




2021-22, Sula, Alle trinn, Engelsk, Alle eierformer, Begge kjønn

## Sammenlignet med: Hele landet

### Mestringsnivåer – alle trinn – engelsk

Hele landet




2021-22, Hele landet, Alle trinn, Engelsk, Alle eierformer, Begge kjønn

## Sula kommune

### Mestringsnivåer – alle trinn – lesing

Sula kommune




2021-22, Sula, Alle trinn, Lesing, Alle eierformer, Begge kjønn

## Sammenlignet med: Hele landet

### Mestringsnivåer – alle trinn – lesing

Hele landet




2021-22, Hele landet, Alle trinn, Lesing, Alle eierformer, Begge kjønn

**Nasjonale prøver barnestrinnet:**

Viser også til rektorane sine kommentarar.






## Mestringsnivåer – utvikling over tid – lesing 5. årstrinn

Sula kommune




Sula, 5. årstrinn, Lesing, Alle eierformer, Begge kjønn

## Mestringsnivåer – utvikling over tid – lesing 5. årstrinn

Hele landet




Hele landet, 5. årstrinn, Lesing, Alle eierformer, Begge kjønn

## Mestringsnivåer – utvikling over tid – engelsk 5. årstrinn

Sula kommune




Sula, 5. årstrinn, Engelsk, Alle eierformer, Begge kjønn

## Mestringsnivåer – utvikling over tid – engelsk 5. årstrinn

Hele landet




Hele landet, 5. årstrinn, Engelsk, Alle eierformer, Begge kjønn

## Mestringsnivåer – utvikling over tid – regning 5. årstrinn

Sula kommune




Sula, 5. årstrinn, Regning, Alle eierformer, Begge kjønn

## Mestringsnivåer – utvikling over tid – regning 5. årstrinn

Hele landet




Hele landet, 5. årstrinn, Regning, Alle eierformer, Begge kjønn

## Solevåg skule

**Mestringsnivåer – alle prøvetyper – 5. årstrinn**

Solevåg skule




2021-22, Solevåg skule, 5. årstrinn, Alle prøvetyper, Alle eierformer, Begge kjønn

## Sammenlignet med: Hele landet

**Mestringsnivåer – alle prøvetyper – 5. årstrinn**

Hele landet




2021-22, Hele landet, 5. årstrinn, Alle prøvetyper, Alle eierformer, Begge kjønn

## Måseide skule

**Mestringsnivåer – alle prøvetyper – 5. årstrinn**

Måseide skule




2021-22, Måseide skule, 5. årstrinn, Alle prøvetyper, Alle eierformer, Begge kjønn

## Sammenlignet med: Hele landet

**Mestringsnivåer – alle prøvetyper – 5. årstrinn**

Hele landet




2021-22, Hele landet, 5. årstrinn, Alle prøvetyper, Alle eierformer, Begge kjønn













## Nasjonale prøver ungdomssteget

Dei nasjonale prøvene på ungdomssteget skal på same måte som på barnesteget måle kompetanse i dei grunnleggande ferdigheitene lesing og rekning samt kompetansemål for faget engelsk. Det er kun på 8.steget at ein har prøve i engelsk.

Viser også til rektor sin kommentar vedkomande resultata.

Meistringsnivåa på ungdomssteget er delt i fem nivå, der fem er best. Dette til forskjell frå barnesteget der ein kun har tre nivå.

## Sula ungdomsskule

### Mestringsnivåer – alle prøvetyper – 8. årstrinn

Sula ungdomsskule




2021-22, Sula ungdomsskule, 8. årstrinn, Alle prøvetyper, Alle eierformer, Begge kjønn

## Sammenlignet med: Hele landet

### Mestringsnivåer – alle prøvetyper – 8. årstrinn

Hele landet




2021-22, Hele landet, 8. årstrinn, Alle prøvetyper, Alle eierformer, Begge kjønn

## Sula ungdomsskule

### Mestringsnivåer – utvikling over tid – regning 8. årstrinn

Sula ungdomsskule




Sula ungdomsskule, 8. årstrinn, Regning, Alle eierformer, Begge kjønn

## Sammenlignet med: Hele landet

### Mestringsnivåer – utvikling over tid – regning 8. årstrinn

Hele landet




Hele landet, 8. årstrinn, Regning, Alle eierformer, Begge kjønn

## Sula ungdomsskule

### Mestringsnivåer – utvikling over tid – lesing 8. årstrinn

Sula ungdomsskule




Sula ungdomsskule, 8. årstrinn, Lesing, Alle eierformer, Begge kjønn

## Sammenlignet med: Hele landet

### Mestringsnivåer – utvikling over tid – lesing 8. årstrinn

Hele landet




Hele landet, 8. årstrinn, Lesing, Alle eierformer, Begge kjønn

## Sula ungdomsskule

### Mestringsnivåer – utvikling over tid – engelsk 8. årstrinn

Sula ungdomsskule




Sula ungdomsskule, 8. årstrinn, Engelsk, Alle eierformer, Begge kjønn

## Sammenlignet med: Hele landet

### Mestringsnivåer – utvikling over tid – engelsk 8. årstrinn

Hele landet




Hele landet, 8. årstrinn, Engelsk, Alle eierformer, Begge kjønn

## Sula ungdomsskule




## Sammenlignet med: Hele landet




## Sula ungdomsskule




## Sammenlignet med: Hele landet




## Sula ungdomsskule




## Sammenlignet med: Hele landet



# Skulebidrag

Denne indikatoren viser skulen sitt bidrag til elevane sitt læringsutbytte. Elevane sine føresetnadar er ulike og dette påverkar resultata deira, på grunn av dette er det og noko uklart kva som kan tilskrivast skulen sin innsats. I Skulebidragsindikatoren er det skulen sin innsats ein forsøker å synliggjere.

Når ein skal måle skulen sitt bidrag så må ein skilje ut den delen av læringsresultatet som skuldast elevane sine føresetnader. Det vert difor kontrollert for tidlegare elevprestasjonar, i tillegg vert det kontrollert for foreldrebakrunn (utdanningsnivå, hushaldningsinntekt og elevane sin innvandringsbakgrunn). Nasjonale prøver på 5.trinn er det tidlegaste resultatet ein har registrert på norske elevar. For indikatoren på 1.-4.trinn er det difor kun mot foreldrebakgrunn det vert kontrollert. Difor er dette eit litt mindre presist estimat på skulen sitt bidrag enn dei andre.

Skulebidragsindikatoren i seg sjølv gjev ikkje så mykje informasjon om kvifor bidraget er som det er. Ein må difor sjå denne i samanheng med lokalt kunnskapsgrunnlag og anna tilgjengeleg informasjon om skulen sin tilstand, t.d. læringsresultat og læringsmiljø.

Skulebidraget viser skulen sitt gjennomsnittlege bidrag til sine elevar samanlikna med landssnittet, og usikkerheit knytt til bidraget. Dersom skulen sitt bidrag er likt med landssnittet vil skulebidraget vere lik null. Skulens bidrag vil vere positivt om elevane i snitt oppnår høgare skalapoeng enn forventa ut i frå deira føresetnader. Tilsvarande vil bidraget vere negativt om elevane i snitt oppnår lågare skalapoeng enn forventa ut i frå føresetnadane deira.







Solevåg skule:







Måseide skule:






Fiskarstrand skule:







Langevåg skule:







Sula ungdomsskule: På grunn av at det ikkje har vore avvikla eksamen dei siste åra så er ikkje skulebidraget oppdatert.




# Standpunktkarakterar og eksamenskarakterar

På grunn av pandemi har det ikkje vore gjennomført eksamen inneverande skuleår, det same var situasjonen for forrige skuleår. Alle karakterar i sluttvurderinga til elevane er difor standpunktkarakterane.

Grunnlaget for vurdering i fag er elevane si måloppnåing i høve til dei samla kompetansemåla i læreplanen for kvart enkelt fag. Elevane får talkarakterar på ein skala frå 1-6 der 6 er den beste. Dette vert også kalla sluttvurdering for elevane. Sluttvurderinga omfattar også standpunktkarakterane. Når eit fag vert avslutta så får elevane ein standpunktkarakter i faget, standpunktkarakteren utgjer hovedtyngda av elevane sitt vitnemål og er sett av faglærar. Standpunktkarakteren vert rekna som eit enkeltvedtak som det er klagerett på.

I grunnskulen så vil kvar enkelt elev i eit normalår gjennomføre ein skriftleg eksamen (to om ein kjem opp i norsk) og ein munnleg eksamen. Eksamenskarakterane er det eksterne sensorar som sett. Ved skriftleg eksamen vert prøvane vurderte anonymt av to eksterne sensorar. Ved munnleg eksamen er det ein ekstern sensor tilstades i lag med faglærar og det er den eksterne sensoren som har ansvar for karaktersetting. Det er klagerett på karakteren ved skriftleg eksamen, men kun klagerett på gjennomføring ved munnleg eksamen.

I Sula så har ein dei siste åra sett at standpunktkarakterane og eksamenskarakterane til elevane samsvarar godt og dette vitnar om god vurderingskompetanse hos lærarane på ungdomsskulen. På grunn av at eksamen ikkje er gjennomført dei siste tre åra vil det i denne rapporten ikkje bli presentert statistikk for desse resultata.




# Gjennomføring

I Sula kommune er det ei målsetting at alle elevar skal gjennomføre vidaregåande skule. Det er viktig å førebygge fråfall i vidaregåande skule. Dette arbeidet må starte tidleg i grunnskulen ved mellom anna å gje elevane meistring fagleg og sosialt. I Sula kommune arbeider ein også målrette med dei elevane som står i fare for å falle utanfor ved mellom anna å ha tilsett ungdomsLos.

Tabellen under viser kor mange elevar som er registrert i vidaregåande opplæring same år som avslutta grunnskule. Tala viser at vi for 2019 og 2020 har lagt litt lågare enn lands og fylkessnittet og dette er tal vi ikkje kan seie oss fornøyde med.

| | 2017 | | 2018 | | 2019 | | 2020 | | 2021 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Begge kjønn | | Begge kjønn | | Begge kjønn | | Begge kjønn | | Begge kjønn | |
| Nasjonalt - Fylke - Kommune | Andel overganger | Antall elever | Andel overganger | Antall elever | Andel overganger | Antall elever | Andel overganger | Antall elever | Andel overganger | Antall elever |
| − Hele landet | 98,1 | 60 281 | 98,0 | 59 380 | 98,0 | 60 689 | 98,2 | 61 406 | 97,9 | 61 471 |
| − Møre og Romsdal | 98,8 | 3 310 | 97,8 | 3 103 | 98,3 | 3 187 | 98,8 | 3 275 | 98,2 | 3 187 |
| Sula | 100,0 | 110 | 98,0 | 98 | 96,2 | 106 | 97,5 | 121 | 99,1 | 111 |

# Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng vert rekna ut ved at alle avsluttande karakterar som er ført på vitnemålet blir lagt saman og delt på antal karakterar slik at ein får eit gjennomsnitt. Over år har tala synt at Sula kommune scorar godt på grunnskulepoeng, det betyr at karakterane er gode samanlikna med andre kommunar i fylket og landet. Våren 2020 vart det ikkje gjennomført eksamen og det er kun standpunktkarakterane som er med i tabellen.

Sula scorar for 2020 litt under snittet for landet og fylket, men om dette ikkje fortsett treng ikkje det å vere negativt då det kan sjå ut til at snittet var kunstig høgt på mange skular denne våren. Sula ligg stabilt i høve tidlegare år.




# Spesialundervisning

Retten til spesialundervisning er forankra i opplæringslova §5-1. Elevar som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet har rett til spesialundervisning. I Sula er det utarbeidd rutinar på at ein skal prøve ut tilpassingar innan det ordinære samt gjere kartleggingar før ein vurderer retten til spesialundervisning. Det må alltid utarbeidast ei sakkunnig tilråding frå PPT før rektor kan fatte vedtak om evt. spesialundervisning. PPT utgreier og tek standpunkt til eleven sitt utbytte av det ordinære tilbodet, lærevanskar eller andre særlege tilhøve som er viktige for eleven. PPT ser også på realistiske opplæringsmål og kva opplæringstilbod som vil gje eit forsvarleg tilbod.

| | 2019-20 | | | 2020-21 | | | 2021-22 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 1.-4. årstrinn | | | 1.-4. årstrinn | | | 1.-4. årstrinn | | |
| | 1.-4. årstrinn | | | 1.-4. årstrinn | | | 1.-4. årstrinn | | |
| | Begge kjønn | | | Begge kjønn | | | Begge kjønn | | |
| | Alle eierformer | | | Alle eierformer | | | Alle eierformer | | |
| Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet | Antall elever | Antall elever med spesialundervisning | Antall skoler | Antall elever | Antall elever med spesialundervisning | Antall skoler | Antall elever | Antall elever med spesialundervisning | Antall skoler |
| − Hele landet | 250 966 | 12 623 | 2 266 | 246 882 | 12 248 | 2 252 | 244 160 | 12 026 | 2 236 |
| − Møre og Romsdal | 12 419 | 915 | 159 | 12 118 | 915 | 155 | 11 892 | 885 | 153 |
| + Sula | 579 | 29 | 4 | 561 | 24 | 4 | 543 | 29 | 4 |

| | 2019-20 | | | 2020-21 | | | 2021-22 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 5.-7. årstrinn | | | 5.-7. årstrinn | | | 5.-7. årstrinn | | |
| | 5.-7. årstrinn | | | 5.-7. årstrinn | | | 5.-7. årstrinn | | |
| | Begge kjønn | | | Begge kjønn | | | Begge kjønn | | |
| | Alle eierformer | | | Alle eierformer | | | Alle eierformer | | |
| Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet | Antall elever | Antall elever med spesialundervisning | Antall skoler | Antall elever | Antall elever med spesialundervisning | Antall skoler | Antall elever | Antall elever med spesialundervisning | Antall skoler |
| − Hele landet | 195 252 | 17 735 | 2 226 | 197 085 | 17 833 | 2 220 | 195 484 | 18 045 | 2 214 |
| − Møre og Romsdal | 9 943 | 1 073 | 155 | 9 802 | 1 109 | 152 | 9 756 | 1 101 | 150 |
| + Sula | 386 | 35 | 4 | 413 | 43 | 4 | 447 | 48 | 4 |

| | 2019-20 | | | 2020-21 | | | 2021-22 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 8.-10. årstrinn | | | 8.-10. årstrinn | | | 8.-10. årstrinn | | |
| | 8.-10. årstrinn | | | 8.-10. årstrinn | | | 8.-10. årstrinn | | |
| | Begge kjønn | | | Begge kjønn | | | Begge kjønn | | |
| | Alle eierformer | | | Alle eierformer | | | Alle eierformer | | |
| Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet | Antall elever | Antall elever med spesialundervisning | Antall skoler | Antall elever | Antall elever med spesialundervisning | Antall skoler | Antall elever | Antall elever med spesialundervisning | Antall skoler |
| − Hele landet | 190 032 | 18 581 | 1 265 | 191 530 | 18 603 | 1 249 | 195 030 | 19 175 | 1 252 |
| − Møre og Romsdal | 9 866 | 989 | 77 | 9 756 | 987 | 76 | 9 775 | 1 030 | 75 |
| + Sula | 370 | 25 | 1 | 366 | 26 | 1 | 366 | 32 | 1 |

Sula kommune ligg om lag på landssnittet eller litt lågare når det gjeld andel elevar med spesialundervisning. Ein veit at når mykje ressursar går til spesialundervisning så blir det færre timar til den ordinære undervisninga. Det må vere eit mål framover at ein arbeider med å redusere behovet for spesialundervisning, men enda viktigare er at ein arbeider med kvaliteten på den spesialundervisninga som vert gitt. Barnets stemme og barnets beste vurdering skal alltid vege tyngst når ein vurderer utbytte av det ordinære til elevane. Mange elevar ønskjer å vere i klassa i lag med dei andre elevane, sjølv om dei må arbeide med tilpassa oppgåver. Dette krev at skulane har ressursar til å kunne tilpasse innafor det ordinære tilbodet, då må ein ha nok vaksne i skulane. Lærarnorma seier noko om antal lærarar i det ordinære, men vi treng og nok lærarar til å kunne drive spesialundervisning og i mange tilfelle også alternativ opplæring.

## Særskilt språkopplæring

Særskilt språkopplæring kan vere tospråkleg fagopplæring og morsmålsopplæring i tillegg. Det må fattast enkeltvedtak i høve kva den enkelte elev har behov for. Opplæringa kan foregå i ulike former og i Sula må ein gjere litt ulikt frå skule til skule. Andelen elevar med behov for særskilt språkopplæring er høgare på dei større skulane enn dei små og på desse er det også enklare å få til gruppetilbod. Det er eit stort ønskje frå dei to største skulane å få nok ressursar til å kunne ha eit godt innføringstilbod. Dette har Sula kommune ikkje per i dag. Ein ser også at ein større andel av dei flyktningane som kjem til Sula og skal starte i grunnskulen har mindre skulegang og større behov for hjelp enn tidlegare.

Det er ikkje fastsett noko om kor lenge ein elev kan motta denne opplæringa, men det er ei målsetting at eleven skal tileigne seg såpass gode norskferdigheiter at eleven kan følgje den ordinære opplæringa. Opplæringa skal gjevast innafor det ordinære timetalet, men morsmålsopplæring kan kome i tillegg. Det er sjølvsagt frivillig om elevane ønskjer å ta i mot denne type opplæring.

| | 2019-20 | | | 2020-21 | | | 2021-22 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 1.-4. årstrinn | | | 1.-4. årstrinn | | | 1.-4. årstrinn | | |
| | 1.-4. årstrinn | | | 1.-4. årstrinn | | | 1.-4. årstrinn | | |
| | Begge kjønn | | | Begge kjønn | | | Begge kjønn | | |
| | Alle eierformer | | | Alle eierformer | | | Alle eierformer | | |
| Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet | Antall elever | Antall elever med særskilt norsk | Antall skoler | Antall elever | Antall elever med særskilt norsk | Antall skoler | Antall elever | Antall elever med særskilt norsk | Antall skoler |
| − Hele landet | 250 966 | 20 243 | 2 266 | 246 882 | 19 692 | 2 252 | 244 160 | 19 428 | 2 236 |
| − Møre og Romsdal | 12 419 | 724 | 159 | 12 118 | 714 | 155 | 11 892 | 651 | 153 |
| − Sula | 579 | 8 | 4 | 561 | * | 4 | 543 | 8 | 4 |
| Sula kommune (EIER) | 579 | 8 | 4 | 561 | 10 | 4 | 543 | 8 | 4 |

| | 2019-20 | | | 2020-21 | | | 2021-22 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 5.-7. årstrinn | | | 5.-7. årstrinn | | | 5.-7. årstrinn | | |
| | 5.-7. årstrinn | | | 5.-7. årstrinn | | | 5.-7. årstrinn | | |
| | Begge kjønn | | | Begge kjønn | | | Begge kjønn | | |
| | Alle eierformer | | | Alle eierformer | | | Alle eierformer | | |
| Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet | Antall elever | Antall elever med særskilt norsk | Antall skoler | Antall elever | Antall elever med særskilt norsk | Antall skoler | Antall elever | Antall elever med særskilt norsk | Antall skoler |
| − Hele landet | 195 252 | 11 996 | 2 226 | 197 085 | 11 733 | 2 220 | 195 484 | 11 711 | 2 214 |
| − Møre og Romsdal | 9 943 | 450 | 155 | 9 802 | 448 | 152 | 9 756 | 448 | 150 |
| − Sula | 386 | 6 | 4 | 413 | * | 4 | 447 | * | 4 |
| Sula kommune (EIER) | 386 | 6 | 4 | 413 | 7 | 4 | 447 | 7 | 4 |

| | 2019-20 | | | 2020-21 | | | 2021-22 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 8.-10. årstrinn | | | 8.-10. årstrinn | | | 8.-10. årstrinn | | |
| | 8.-10. årstrinn | | | 8.-10. årstrinn | | | 8.-10. årstrinn | | |
| | Begge kjønn | | | Begge kjønn | | | Begge kjønn | | |
| | Alle eierformer | | | Alle eierformer | | | Alle eierformer | | |
| Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet | Antall elever | Antall elever med særskilt norsk | Antall skoler | Antall elever | Antall elever med særskilt norsk | Antall skoler | Antall elever | Antall elever med særskilt norsk | Antall skoler |
| − Hele landet | 190 032 | 8 764 | 1 265 | 191 530 | 8 383 | 1 249 | 195 030 | 8 586 | 1 252 |
| − Møre og Romsdal | 9 866 | 410 | 77 | 9 756 | 347 | 76 | 9 775 | 350 | 75 |
| − Sula | 370 | 16 | 1 | 366 | 9 | 1 | 366 | * | 1 |
| Sula kommune (EIER) | 370 | 16 | 1 | 366 | 9 | 1 | 366 | 9 | 1 |

# Vidareutdanning

Frå fyrste august 2025 er det ikkje lengre mogleg med unntak frå kompetansekravet for lærarar, det er berre lærarar som er utdanna før 1.1.14 som har dispensasjon frå kravet per i dag. Kompetansekravet vil seie at om du underviser på barnetrinnet så må du ha minimum 30 studiepoeng i norsk, matte og engelsk. På ungdomstrinnet er det krav om 60 studiepoeng i norsk, matte og engelsk og 30 studiepoeng i andre fag. For den enkelte tilsette er det finansierte vidareutdanningsordningar slik at om du skal undervise i faga etter 2025 så kan ein få finansiert vidareutdanning med statlege midlar. Regjeringa har våren 2022 sendt på høring eit forslag om å fjerne kompetansekrava som skissert over.

I Sula har vi framleis tilsette som ikkje oppfyller kompetansekravet. Vi stiller ikkje som krav at ein tilsett skal oppfylle kompetansekravet i alle tre faga, på barnetrinnet må ein ha to av tre fag og på ungdomstrinnet eit av dei skriftlege faga. Det er sjølvsagt ingen bakdel om ein har alle tre og kan undervise i desse også etter 2025.

Gjennom fleire år har mange lærarar tatt vidareutdanning, men det er framleis lærarar som manglar kompetanse. Skuleåret 2021/22 er det 9 lærarar som tek vidareutdanning og for skuleåret 2022/23 skal 7 lærarar og 1 skuleleiar i gang med utdanning.



# Betre tverrfagleg innsats - BTI

I Sula kommune har vi pågåande ei felles satsing mellom skulane, barnehagane (både private og kommunale, TBU og helse for å betre den tverrfaglege innsatsen vår inn mot barn, unge og familiar som det er knytt uro til. BTI er ein samhandlingsmodell som beskriv den samanhengande innsatsen i og mellom tenestene. BTI- modellen ligg på Sula kommune si heimeside og alle tilsette og innbyggarar kan bruke denne.

Modellen er delt inn i fire nivå og nivåa seier noko om omfanget på vanskane og kva og kor mange aktørar som skal involverast.

**Nivå 0** : Her avklarar ein om det er grunnlag for uroa.

**Nivå 1**: Beskriv tiltak innafor kvar enkelt teneste.

**Nivå 2**: Beskriv eit enkelt tverrfagleg samarbeid, helst mellom to tenester.

**Nivå 3**: Beskriv eit meir omfattande tverrfagleg samarbeid mellom fleire tenester.

Skuleåret 2020/21 var det fokus på opplæring av tilsette i bruk av modellen. Ein starta pilotering i ein barnehage, to skular og i TBU. Våren 2021 hadde alle einingane fått opplæring og målsettinga og modellen vart tatt i bruk for fullt frå og med august 2021.

Sula kommune fekk prosjektmidlar frå Bufdir i desember 2018 og kom i gang våren 2019. Vi tilsette ein prosjektleiar som har koordinert arbeidet og det vart nedsett styringsgruppe og arbeidsgrupper. Det vart også gjennomført ei omfattande kartlegging i alle einingar med tilbakemelding på kartlegginga til alle einingane. Korus midt har vore ein god samarbeidspartnar for Sula kommune i prosessen og kommunen nytta eit kartleggingsverktøy dei hadde utvikla og dei hjalp oss også i analysearbeidet.

Arbeidsgruppa som har arbeidd med modellen har gjort eit veldig godt arbeid med å få på plass dokument og rutinar som skal hjelpe tilsette i det viktige arbeidet med å identifisere og avdekke vanskar tidlegare hos alle ein kan kjenne uro for. Dette kan vere hos gravide, barn, unge eller familiar.

Tidleg innsats kan vere både å oppdage vanskar i tidleg alder og om å oppdage vanskar tidleg i ei risikoutvikling. Det er viktig å kome tidleg inn med hjelpetiltak slik at ein kan styrke dei beskyttande faktorane og redusere risikofaktorane.

Om BTI – Sula – BTI (betreinnsats.no)

I arbeidet med BTI og samtidig eit stadig større fokus på personvern og datasikkerheit så har Sula kommune det siste skuleåret også innført eit nytt digitalt verktøy til hjelp i dette arbeidet. Når ein samhandlar mellom ulike tenester og foreldre/føresette skal ein no nytte modulane som vert kalla stafettlogg eller enkelt samspel. Dette gjer at alle som skal samhandle også føresette får innsyn i heile prosessen og ein får lagra data på ein heilt sikker måte.

# Ung Data 2021



Våren 2021 vart Ung Data undersøkinga gjennomført ved Sula ungdomsskule. Det er fleire år sidan sist vi gjennomførte denne, men målsettinga er at ein no jamleg skal gjennomføre slik at ein kan få reelle samanlikningstal. Sula kommune forsøkte våren 2020, men på grunn av pandemi og nedstenging vart det ikkje mange nok respondentar til at svara kunne brukast til noko.

Denne undersøkinga gir eit breitt bilete av korleis ungdom har det. Tema som vert kartlagt er knytt til familie, vennskap, skule, lokalmiljø, helse, mobbing, regelbrot og deltaking i fritidsaktivitetar. Undersøkinga er anonym og elektronisk og vart gjennomført i skuletida. Det er frivillig å delta og ungdommane kan sjølve velje om dei ønskjer å svare eller ikkje, føresette blir også informert og dei kan også seie frå til skulen om dei ikkje ønskjer at sitt barn skal delta.

Resultata må ein sjå i lag med anna informasjon og andre kartleggingar som vert gjort, men undersøkinga gir eit godt bilete på kva for område kommunen må ha eit særskilt fokus på. Det er viktig at ungdommane sjølve får sjå resultata og drøfte kva tiltak dei meiner er viktige og også for å gjere dei medvitne på kva som er vanlege aktivitetar blant ungdom. Resultata vil ikkje i sin heilheit bli presentert i denne rapporten då desse blir presentert i ein eigen rapport, vi vel likevel å presentere hovudfunna her.

Ungdommane fekk spørsmål om kor tilfredse dei er med livet dei lever. Dei aller fleste er nøgde med korleis det er og mange er nøgde med korleis dei har det. Eit klart fleirtal meiner at det livet dei lever gjev meining. Det finst også dei som gjev uttrykk for at ikkje alt er like greitt. Med tanke på at undersøkinga er gjennomført i mars 2021, med eit år med begrensningar i det sosiale livet til ungdommane så er resultatet positivt.

På spørsmål om vennskap så ser ein at sidan førre ungdata undersøking som vart gjennomført i 2015 så har prosentandelen elevar som oppgir å ha minst ein fortruleg venn gått ned frå 92% til 84. Dette er ein trend ein også ser på landsbasis der kvar tiande ungdom i Noreg oppgir at dei manglar venner dei kan stole på og snakke med om alt mogleg.

Det store fleirtalet av ungdom på landsbasis er godt nøgde med foreldra sine. I Sula oppgir 87 prosent av elevane at dei er nøgde med foreldra sine, dette samsvarar godt med landssnittet og talet er stabilt med resultatet i 2015.

Ungdommane er ein stor del av dagane og året på skulen og for det meste er skulen ein god plass å vere. Medan 82% av elevane svarte at dei var nøgde med skulen sin i 2015 er det berre 69% som svarar det same i 2021. Dette kan sjølvsagt vere eit utslag av at undersøkinga vart tatt etter eit år med koronatiltak og mange restriksjonar i det sosiale samspelet på skulen som er så viktig for mange ungdommar.

Det er også ein mindre prosentandel som svarer at dei bruker minst ein time kvar dag på lekser og anna skulearbeid utanom skuletida enn i 2015. 47% i dag og 57% i 2015.

Dei fleste ungdommar meiner at dei kjem til å leve eit godt og lukkeleg liv. Litt mindre prosentandel enn i 2015, men så må ein også ta i betraktning at samfunnet også er noko meir usikkert i 2021. Dei aller fleste trur dei kjem til å fullføre vidaregåande opplæring og over halvparten meiner dei vil ta utdanning på universitet eller høgskule.

Skjermtid og bruk av sosiale media er noko mange er uroa for knytt til barn og unge. Ein ser også av undersøkinga at stadig meir av fritida til dei unge blir brukt på skjermbaserte aktivitetar, no må vi også ta med at store deler av siste året har mange av fritidsaktivitetane til ungdom vore stengt på grunn av korona. 48% av ungdommane i Sula oppgir at dei brukar meir enn fire timar kvar dag framfor ein skjerm, på landsbasis er talet 37%. Når ein spør kva dei gjer så varierer dette frå å spele dataspel, sosiale media og til å sjå seriar og tv.

På landsbasis ser ein at prosentandelen ungdom som er med på organiserte fritidsaktivitetar har halde seg nokså stabilt det siste tiåret, medan vi i Sula kan sjå ein nedgang frå 70% i 2015 til 57% i 2021. Likevel er det svært mange ungdom som oppgir at dei trenar, mange i organiserte aktivitetar, nokre på treningssenter og veldig menga aleine eller på eiga

hand. 41% av ungdommane i Sula oppgir at dei trener minst fem gonger i veka og 22% 3-4 gonger og 16% 1-2 gonger i veka.

Eigenvurdering av si eiga helse er eit av emna i undersøkinga. Nasjonalt svarer om lag to av tre at dei er nøgde med helsa si, medan nærare ein av fem er misnøgde. Gutar er generelt meir nøgde enn jentene. I Sula er det ganske stabilt tal på andel elevar som oppgir at dei er nøgde med helsa si frå 2015 til i dag, rundt 70%. Prosentandelen som oppgir å nytte reseptfrie smertestillande kvar veke er det same som i 2015, 20%.



Det er ein liten oppgang i ungdom som oppgir at dei har hatt mange psykiske plagar dei siste sju dagane, frå 10% i 2015 til 17 prosent i dag.

I media og samfunnsdebatten er det ofte fokus på at ungdom opplev press i kvardagen, både i forhold til prestasjon og i forhold til utsjånad og det å lukkast på ulike område. Det er ein klar trend at jenter ser ut til å oppleve press i langt større grad enn gutane, ein ser også at presset ser ut til å auke gjennom ungdomsskulen.

Dei færraste av elevane på ungdomsskulen har byrja å drikke alkohol og tala for Sula samsvarar godt med dei nasjonale tala. Det er likevel ein liten auke i ungdom som oppgir at dei har vore rusa på alkohol det siste året frå 5% i 2015 til 12% i dag.

Det er ikkje mange ungdomsskuleelevar som røyker eller snuser kvar dag/veke. Frå 2015 og til i dag så ser ein at det er ein marginal auke i andel som oppgir å røyke kvar dag/veke frå 1% til 4%. Snusing er motsett, frå 4% i 2015 til 3% i dag.

Nokre nøkkeltal frå undersøkinga:

# Kommune – Noreg






# Kjelder

[Statistikk (udir.no)]

[Om BTI – Sula – BTI (betreinnsats.no)]

[Hjemmeside - Ungdata]

[Kostra - SSB]

[Samarbeid om utsatte barn og unge mellom 0 og 24 år (udir.no)]

[Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis (udir.no)]

[Barnevernsreformen (bufdir.no)]

# Vedlegg

Oppvekstprofilen 2021

Kommentar frå einingsleiarane